



## **Framlegg til endringar og forenklingar av arbeidet vårt med dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova (pbl.)**

1. Bakgrunn og mandat .....	1
2. Embetsoppdrag, organisering og regelverk .....	2
2.1 Dispensasjonsregelen i plan- og bygningslova .....	2
2.2 Rettleiarar frå Kommunal- og distriktsdepartementet .....	3
2.3 Forholdet til andre lover .....	3
3. Saksgang, omfang og praksis hjå oss .....	4
4. Saksgang m.m. i andre fylke.....	4
4.1 Rettleiarar i nokre andre fylke .....	4
4.2 Agder - bakgrunn og erfaring etter omlegging.....	5
5. Synspunkt og råd frå nokre kommunar .....	6
6. Aktuelle tiltak for å effektivisere arbeidet med dispensasjonssaker .....	7
6.1. Godt kjende kriterium for å klage på dispensasjonsvedtak.....	7
6.2 Interne krav til handsaming av klager.....	8
6.3 Siling av saker på høyring og til klagevurdering? .....	8
6.4 Hovudregel at sakene ikkje må på høyring – men vi får ja-vedtak til klagevurdering? ..	8
6.5 Forslag til handsaming av dispensasjonssaker .....	9
7. Opplæringstiltak.....	9
8. Evaluering .....	10
9. Vedlegg.....	11

### **1. Bakgrunn og mandat**

Statsforvaltaren i Vestland mottok årleg godt over 2000 dispensasjonssaker på høyring, og etter positivt dispensasjonsvedtak i kommunane får vi nesten like mange saker til klagevurdering. Til og med 2022 har vi årleg klaga på mellom 120 og 150 saker. Leiargruppa ga i møte den 28.08.23 ei arbeidsgruppe i oppdrag å vurdere dette arbeidet og med følgjande mål:

1. Det skal vere samsvar mellom praksisen vår som fagstyresmakt i dispensasjonssaker og regjeringa sine nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.
2. Få ned ressursbruken på dispensasjonssaker internt i embetet.
3. Få frigjort kapasitet til rettleiing og støtte for kommunane, mellom anna om rammene i pbl. § 19-2 og plansystemet som styringsverktøy.
4. Unngå konsekvensar for nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.
5. Sikre ei differensiering mellom pressområde og område med svak eller negativ utvikling i folketallet

Samansetnad av gruppa:

Kommunaldirektør Nils Erling Yndesdal (leiar), seksjonsleiar plan Egil Hauge, seksjonsleiar justis og byggjesak Anne Kristin Eitungjerde, miljødirektør Kjell Kvingedal og landbruksdirektør Christian Rekkedal (sekretær).

## 2. Embetsoppdrag, organisering og regelverk

Arbeidet med areal- og plansaker er som kjent sentralt i oppdraget og vedkjem fleire fagområde i embetet; mellom anna miljø, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse og rettstryggleik. I tillegg har Statsforvaltaren eit ansvar for statleg samordning i plansaker og, særleg saman med fylkeskommunen, eit ansvar for planfagleg og juridisk rettleiing av kommunane på planområdet. Oppdraget på plan må sjåast i samheng med oppdraget på berekraftmåla generelt, då mange av desse må løysast gjennom den regionale og kommunale planlegginga. Vi har organisert arbeidet ved å ha ein eigen planseksjon i kommunalavdelinga, som samarbeider med dei ulike fagavdelingane. Klagesaker på vedtak i kommunane vert handsama av seksjon for justis og byggesak, og i dei tilfella vi sjølve klager på kommunale vedtak vert klaga, via departementet, sendt til settestatsforvaltar, for vår del til Statsforvaltaren i Rogaland.

I embetsoppdraget 2023 er dispensasjonar omtalt slik:

- Tildelingsbrev 3.1.1.1.13 → *Statsforvalteren skal bidra til at nasjonale og viktige regionale interesser ikke blir vesentlig tilsidesatt i enkeltvedtak etter plan- og bygningsloven. Statsforvalteren kan på denne bakgrunn fremme klage som sektormyndighet. En klage fra staten skal være godt begrunnet, og der er et mål at det er enhetlig praksis for når statsforvalteren griper inn med klage. Statsforvalteren bes om å kartlegge antallet klager som er fremmet etter plan- og bygningsloven § 1-9 tredje ledd i 2022, herunder angitte tema og begrunnelse for klagen (strandsone, sjø, strandsone vassdrag, forurensning, naturvern, friluftinteresser, landbruk, skogbruk, samfunnssikkerhet, folkehelse, reindrift, samordnet areal- og transport, og annet) samt resultatet i klagesaken.*
- Hovudinstruks 5.2.6.1 → vi skal rapportere på tal dispensasjonssaker vi får til fråsegn

### 2.1 Dispensasjonsregelen i plan- og bygningslova

Om regelverket for dispensasjon frå planar nemner vi kort, jamfør pbl. § 19:

- Kommunen kan gje dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av pbl-lova, mellom anna vedtekne planar, plankrav og byggje- og deleforbodet i strandsona (§ 1-8).
- For å kunne gje dispensasjon må to lovbundne krav vere oppfylte:
  - kan ikkje sette omsyna bak føresegna det blir dispensert frå, føremålet med lova, regionale eller nasjonale interesser vesentleg til side
  - fordelane med å gje dispensasjon må vere klart større enn ulempene
- Før kommunen gir dispensasjon skal vi få høve til å uttale oss til søknaden. Vi har altså ikkje ei plikt til å gje fråsegn til alle saker om dispensasjon, men vi skal ha høve til det (sjå under).
- Statsforvaltaren kan klage på kommunale enkeltvedtak om dispensasjon, pbl. § 1-9.

### Meir om høyringsregelen ved dispensasjonar

I Ot.prp.nr. 32 (2007-2009) Plan og bygningsloven, står det som merknader til § 19-1 Søknad om dispensasjon:

*Dagens regler om nabovarsling og bestemmelsen om at regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8 videreføres. Denne foreleggningen er viktig for å sikre at nasjonale og viktige regionale interesser blir ivaretatt. Dersom dette ikke gjennomføres i praksis, kan vedtak om dispensasjon bli ugyldig. Kommunen, regionen og berørte statlige fagmyndigheter bør samarbeide for å finne fram til praktiske rutiner for å avklare hvilke saker som skal forelegges.*

Forarbeida legg altså opp til at kommunane, regionen og aktuelle statlege fagstyresmakter i fellesskap kan «finne fram til praktiske rutinar». Grunnen til at departementet formulerer seg såpass rundt er at høyringsreglane òg gjeld dei andre fagdepartementa, og at praksis for kva som til ei kvar tid er regionalt og nasjonalt viktig, kan endre seg over tid.

Vi vil innleiingsvis minne om at det er kommunane som er planstyresmakt etter plan- og bygningslova, også når det kjem til dispensasjonar, og at det slik sett er deira ansvar å handtere dette innanfor lova sine rammer og nasjonale føringar.

## 2.2 Rettleiarar frå Kommunal- og distriktsdepartementet

Det finst fleire rundskriv og rettleiarar om planlegging, både generell samfunnsplanlegging i kommunane og arealdelen av kommuneplanen, og samanhengene mellom desse. Kommuneplanen er kommunen sin plan for kva dei vil gjennomføre i første og komande valperiodar. Kvar valperiode startar med ein gjennomgang av kommunen sin planstrategi – dvs. kva planar kommunen meiner at dei må justere eller lage i komande periode.

Her viser vi til nokre sentrale dokument med relevans for denne utgreiinga.

[Kommuneplanens arealdel \(KPA\)](#), siste versjon frå 2021, gir ei grundig innføring i plan- og bygningslova. Hovudprinsippet er som kjent at arealbruken hovudsakleg skal styrast i samsvar med vedtekte planar. Dispensasjonsregelen vart noko endra i 2021 til det som no står om «*regionale eller nasjonale interesser blir vesentleg tilsidesatt*»

I mange saker vert det drøfta kva som kjem inn under L=landbruk i LNFR-føremålet i kommuneplanen. R=tamreindrift og er knapt nok aktuelt i Vestland.

[Rettleiaren Garden som ressurs](#) gir ein grei innføring i kva som er landbrukstiltak, sjølv om vi ikkje finn svar på alle detaljerte spørsmål.

Eit anna omdiskutert tema er korleis kommunen kan planlegge og legge til rette for bygging i spreiddbygde LNF-område, ofte bygder med liten byggjeaktivitet og folketalsnedgang. Rettleiaren [Planlegging for spreidd bygging i LNF-områda](#) gir ei praktisk innføring i dette. Hovudregelen er også her at bygging skal skje i samsvar med vedtekte plan, men ofte er ikkje dette tilstrekkeleg til å løyse kommunen sine mål og utfordringar.

Det er i prinsippet tre ulike måtar å løyse dette på:

1. Bustadområde med regulerte bustadfelt i bygdene – der det er grunnlag for det.
2. Område til spreidd bustad-, fritids- og næring – der det er grunnlag for det. Må i praksis vere ganske godt avgrensa i lokalisering og omfang.
3. Viss det ikkje er grunnlag for LNF-spreidd, kan ein løyse dette som enkeltvise dispensasjonar. Kommunane bør ha retningsliner (ikkje juridisk bindande) i KPA for å vise kva praksis og saksgang dei legg opp til. Dette er omtalt side 9 og 56 i rettleiaren.

Regjeringa kom i juni 2023 med eit oppdatert rundskriv om [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#). Det er eit omfattande dokument med til saman 72 forventningspunkt fordelt på samordning, lokalsamfunn, verdiskaping, klima og miljø, og samfunnstryggleik og beredskap. Her står det ikkje særleg om bruken av dispensasjonar. Men det vert peikt på at det er særskilt viktig å sikre vekst og utvikling i område med svak eller negativ folketalsutvikling, og at ein kan bruke fleksibiliteten til å tilpasse planlegginga til behovet – bruke handlingsrommet.

## 2.3 Forholdet til andre lover

Dispensasjon i LNF-områda treng løyve både etter jordlova og plan- og bygningslova. Vurderingane etter §§ 9 og 12 i jordlova gir stort sett også grunnlag for vurderingane for landbruksinteressene etter pbl. §19. Dette opnar for forenkling i saksgangen.

Inngrep langs vassdrag som krev dispensasjon etter plan- og bygningslova, må også handsamast etter vassressurslova dersom det er planlagt inngrep i kantvegetasjonen. Fysiske inngrep i vassdraga krev løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.


Generelt er det slik at vedtak om dispensasjon frittek ikkje for løyve etter andre særlovar.

### 3. Saksgang, omfang og praksis hjå oss

Statistikken for 2022 er ganske lik dei andre åra etter samanslåinga i 2019. Alle sakene vi får tilsendt vert ført i ei planliste, eit rekneark, men tema vert ikkje ført på alle sakene. Det vert heller ikkje sendt svar på alle sakene som kjem inn, men alle sakene vert lest gjennom og ført i statistikken. Under «andre» kjem samfunnstryggleik, vassdrag, natur og friluftsliv.

		Tema for sakene på høyring		
På høyring	Til klagevurdering	Strandsone	Landbruk	Andre tema
2080	1958	959	246	168

Tal saker i 2022 vi fekk på høyring, og tal saker til klagevurdering.



Figuren viser tal klagesaker i 2022, med tematisk fordeling.

Klagesakene har geografisk tyngdepunkt i Bergensområdet, med Øygarden på topp med om lag 30 klagesaker, dei fleste i strandsona. Sjå kart som vedlegg.

#### Forholdet mellom tal dispensasjonar og tal reguleringsplanar på høyring.

Tendensen frå 2019 til 2022 syner klart at tal dispensasjonssaker som vi får på høyring aukar, frå kring 1450 til om lag 2100, medan tal reguleringsplanar på høyring har gått ned frå 211 til 140 i same periode. Dette er ei uheldig utvikling, særleg viss det er eit teikn på at kravet om ei planmessig styring av arealbruk og tiltak, i sum eller i einskildsaker, vert sett til vesentleg side.

#### Førebels om 2023:

Statistikk seinhausten 2023 tyder på at tal dispensasjonssaker på høyring vert om lag 2000, og tal saker til klagevurdering vert kring 1900. Til no i 2023 er klageandelen under 3 % (om lag 60 klager), noko som er ein klar nedgang frå 2022 og tidlegare år (5-6 %).

### 4. Saksgang m.m. i andre fylke

Vi har undersøkt praksis for saksgang og kva saker nokre andre fylke ber om å få på høyring.

#### 4.1 Rettleiarar i nokre andre fylke

##### Møre og Romsdal

- Grundig rettleiar på over 20 sider om regelverk m.m., frå mai 2022.
- Vedlegg på sju sider med tabell på kva type saker som skal sendast på høyring til Statsforvaltaren, fylkeskommunen og andre regionale etatar.
- I praksis ser det ut som alle saker skal på høyring, i alle fall innan strandsona og i LNF.

## Trøndelag

- Grundig rettleiar frå april 2021.
- Vedlegg med tabell på to sider om kva type saker som skal på høyring, og til kven.
- I praksis ser det ut som alle saker skal på høyring, i alle fall innan strandsona og i LNF.
- Frå hausten 2023 har dei innført ei form for siling av dispensasjonssaker, særleg ved å sortere kva saker dei vil ha tilbake til klagevurdering.

## Oslo og Viken

- Grundig rettleiar frå mai 2022.
- Tabell med kva saker som skal sendast på høyring, tre sider.
- I praksis ser det ut som alle saker skal på høyring, i alle fall innan strandsona og i LNF.

## Agder har eit heilt anna opplegg enn andre fylke

- Ein grundig dispensasjonsrettleiar frå 2019, slik som andre fylke, men ikkje oppdatert på lovjusteringa i pbl. § 19-2 i 2021 (om nasjonale og vesentlege regionale interesser)
- I denne rettleiaren var det lagt opp til at alle saker som vedkjem regionale og statlege styresmakter skulle på høyring.

I juni 2022 vart praksis endra ved eit [eige brev](#) som innførte tydeleg sortering av kva saker som skal på høyring:

- Statsforvaltaren bad om å få færre saker på høyring, faktisk med hovudregel om å ikkje sende sakene på høyring – med kort sagt følgjande unntak:
  - Nye tiltak/bygningar i 100-metersbeltet langs sjø
  - Tiltak av større omfang i strandsona
  - Saker med særlege interesser i strandsona
  - Frådelling og nye tiltak som berører dyrka mark
  - Større tiltak utanfor strandsona
  - Tiltak som vedkjem villrein
  - Tiltak som vedkjem særlege interesser innan natur, friluftsliv og landskap
- I brevet viser dei elles til rettleiaren frå 2019 når det gjeld regelverk, vurderingstema og lovforståing.
- **NB!** Av omsyn til klageretten ber dei likevel om å få tilsendt kopi av vedtak i klagesaker, med kart.

### **4.2 Agder – bakgrunn og erfaring etter omlegging**

Vi hadde møte med ansvarlege leiarar for plansakene hjå Statsforvaltaren i Agder. Hjå dei er samordninga av plansakene lagt til miljøvernavdelinga. Vi fekk orientering om bakgrunnen for deira praksis og kva erfaringar dei har gjort seg. Kort sagt:

- Etter fleire år der dei ikkje rakk å følgje opp plansakene godt nok og det kom nedskjeringar i budsjettet, vart dei på eit vis tvinga til å gjere desse endringane.
- Omfang av dispensasjonssaker:
  - Dei har få saker på høyring
  - Får alle positive vedtak til gjennomlesing, ca. 1000 per år
  - Dei har klaga på mellom 5 og 12 saker siste åra.
- Det at Statsforvaltaren klager på færre saker har ført til fleire klager frå naboar m.fl.
- Alle klager har fram til no blitt signert av ein frå embetsleiinga. Slik sett vart temaet løfta opp, og det var med på å definere «lista» for når dei skulle klage. Etter kvart blir godkjenninga overført til avdelingsdirektøren.
- Dei understrekar at det er kommunen som har ansvaret for å handtere dispensasjonssakene korrekt. Kommunane kjenner regelverket godt, så eigentleg er det ikkje nødvendig å gjenta det i høyringsbrev i alle saker. Det er også kommunen sin jobb å skrive saksframstillinga, tidlegare brukte dei Statsforvaltaren si fråsegn som hovudtekst i saksframstillinga.
- Dei har gode erfaringar med omlegginga

- Har prioritert plansaker + KU-arbeid + besøk i enkeltkommunar – noko som kommunane likte godt.
- Ressursbruken på å lese gjennom og vurdere klage på ja-vedtaka, er klart mindre enn å skrive fråsegn til saker på høyring. Kanskje 10 – 20 %.
- Kort sagt: sjølv om dei hadde fått tilført fleire stillingar no, ville dei ha brukt det på planarbeid og ikkje på å gje fråsegn i alle dispensasjonssaker.

Vi har ikkje hatt tilsvarande møte med andre embete.

## 5. Synspunkt og råd frå nokre kommunar

Vi har vore i kontakt med nokre nøkkelpersonar i enkelte kommunar, presentert talmaterialet på dispensasjonssaker, og lufta alternative rutinar på høyring m.m.

Nedanfor er ei oppstilling av dei kommentarane vi fekk.

- Med så høge dispensasjonstal er det ein god ide for både Statsforvaltaren og kommunane å jobbe vidare med å forenkle saksgangen.
- Det blir svært viktig at vi lager klare kriterium for kva saker som skal på høyring, og vi må diskutere dette med enkelte kommunar slik at vi er sikre på at vi forstår kvarandre.
- Ei slik omlegging vil vere eit godt døme på tillitsreforma; at vi viser i praksis at vi har tillit til at kommunane kan gjere nødvendige fagvurderingar og elles handtere desse sakene innanfor regelverket.
- Også kommunar med utfordringar på planområdet og med mange dispensasjonar ønsker å gjere noko aktivt med desse utfordringane
  - Enkelte ønsker å ha oss med på folkevaldopplæringa i haust
  - Dei vil legge om arbeidet med plansaker, få den/dei gamle kommuneplanane meir heilskapleg
  - Sjølv om politikarane respekterer kvaliteten i eigen planavdeling, vil nokre ofte utfordre regelverket
- Kommunane vil gjerne samarbeide med oss for å få vedtaka best mogeleg
- Kommunane har også ei levande haldning til å ta vare på «grøne verdiar», men vil samtidig legge til rette for næring og bustad
- Ein erfaren planleggar meiner det er rett å effektivisere arbeidet med dispensasjonssaker
  - Enkle saker bør kunne behandlast i kommunen
  - Høyringsfråsegnene «rår oftast sterkt i frå», utan å gje kommunen noko meir
  - Heller få eller ingen saker på høyring og deretter kvalitetssikring ved at dei sender inn vedtak til klagevurdering
- Statsforvaltaren bør heller skaffe seg kapasitet til å kome i meir aktiv dialog med kommunane i plansaker, dei har stor respekt for vårt fagmiljø
- Ein planleggar peikte også på at det ligg ein fare i korleis planarbeidet vert organisert, opplever det som litt for personavhengig kva veg dispensasjons-/plansaka tek.
- Ei kommune med mange dispensasjonar sa dei prøver å ta grep i den nye kommuneplanen for å redusere tal dispensasjonar, mellom anna ved å bruke LNF-spreidd i eksisterande bebyggelse og i enkelte strandsoner.
- Eit anna tiltak er å vri gebyra slik at det vert mindre kostbart med regulering ift dispensasjon.
- Våre høyringsfråsegner påverkar innstillinga frå administrasjonen
- Dei er heilt klare på at opplæringstiltak verkar, særleg for det politiske utvalet
- Ei kommune peikte på at dei har mange saker av meir teknisk karakter, som ikkje vedkjem vårt sektormyndede. Dei vil derfor gjerne ha ei liste over kva saker vi vil ha til klagevurdering

Vi har også teke opp dette med saksgang for dispensasjonssaker i eit par faglege samlingar, og fekk mellom anna følgjande tilbakemeldingar:

- Lurt å sjå på saksgangen mellom kommunane og oss i dispensasjonssaker.
- Sats på opplæringstiltak for kommunane, både administrasjonen og politisk.
- Kan vere lurt å ha eit opplegg for å følgje med på praksis.
- Frå nokre kommunale planfolk kom det åtvaringar mot ei omlegging, kommunane treng både gode råd og at vi passar på praksis

Arbeidsgruppa har altså opplevd at det kjem noko sprikande signal frå kommunane – avhengig av etablert praksis, lovforståing, byggepress, ansvarsnivå, politisk eller administrativt nivå.

## **6. Aktuelle tiltak for å effektivisere arbeidet med dispensasjonssaker**

Høyringa av dispensasjonssakene er meint som eit fagleg råd om regelverk og aktuelle sektorinteresser. Det er uansett kommunen som har formelt ansvar for både forsvarleg saksutgreiing og å gjere vedtak som ligg innanfor regelverket. Vi legg også til grunn at kommunane kjenner til dei tilgjengelege basane og karta med både miljø- og naturinformasjon, landbruk, friluftsliv og andre vesentlege interesser. I den grad denne kunnskapen manglar i kommunane, må vi løyse det med generell informasjon på nettsidene våre, nettmøte og eventuelt i direkte møte med enkelte kommunar.

Kommunen kan uansett sende saker til oss på høyring og slik sett be om råd, også i sakstyper der vi ikkje har bede om høyring.

### **6.1. Godt kjende kriterium for å klage på dispensasjonsvedtak**

Både for kvaliteten på vår eiga forvaltning og som informasjon til kommunane, bør vi ha kriterium for kva type saker vi vurderer å klage på.

Det er vanskeleg å formulere klare grenser på dette, og det er jo også ei vurdering som vil vere litt dynamisk – også avhengig av om det kjem justeringar i statlege retningslinjer og andre føringar frå regjeringa.

Nedanfor omtalar vi nokre vanlege hovudtema for klage, og når det er mest aktuelt for oss å klage på vedtaket.

#### **6.1.1 Når landbruk er hovudtema**

Det er mest aktuelt å klage:

- når dispensasjonen er vurdert etter jordlova og har fått eller burde fått avslag (med avslag etter jordlova, kan jo tiltaket uansett ikkje gjennomførast)
- når dispensasjonen gjeld verdifullt jordbruksareal i pressområde med klart behov for å styre arealbruken gjennom plan- og bygningslova
- når dispensasjonen gjeld verdifullt kulturlandskap og tiltaket klart og vesentleg vil redusere verdien av dette landskapet
- når dispensasjonen gjeld beitemark eller skog, og
  - tiltaket fører til svært uheldig oppdeling av beita, eller vil hindre effektiv skjøtsel (til dømes brenning av lynghei), eller
  - tiltaket fører til vesentleg hindring for moderne skogsdrift

#### **6.1.2 Når strandsona er hovudtema**

Det er mest aktuelt å klage:

- når det gjeld nye tiltak i elles urørt strandsone
- når tiltaket vil redusere ålmenta sin tilkomst til eller langs stranda
- når strandsona har spesiell verdi for ålmenta, friluftsliv, landskap eller naturmangfald.
- når tiltaket ligg i eit område med generelt høgt press for nedbygging, og tilsvarende behov for planmessig styring, jamfør sone 2 i SPR for strandsona. (Lindås og Meland i Alver, Askøy, Bergen, Os i Bjørnafjorden, og Øygarden.)

Faste og varige konstruksjonar er meir uheldig enn midlertidige og flyttbare konstruksjonar. Reell tilkomst til strandsona for ålmenta er viktig, både ned til stranda og langs stranda, og vi må vere særleg merksame på dette.

### **6.1.3 Når andre miljøomsyn er hovudtema**

Det er mest aktuelt å klage:

- A. Når dispensasjonen er konkret vurdert til å vere i konflikt med nasjonale eller vesentleg regionale miljøverdiar, i samsvar med prinsippa i rundskriv T-2/16 om motsegn på miljøområdet

### **6.1.4 Når formelle krav er hovudtema**

Det er kommunen som er planstyresmakt og har ansvar for at også dispensasjonar vert korrekt behandla. Manglande klage frå oss er ikkje ein garanti for at vedtaket er heilt i orden.

Vi kjem normalt ikkje til å klage på saker der vi trur det kan vere formelle manglar i form av t.d. plankrav. Det er derfor mest aktuelt å klage i slike saker på område der vi har eit klart sektoransvar:

- A. tydelege brot på omsynet til barn og unge, til dømes friområde og leikeplassar
- B. nasjonale eller vesentlege regionale interesser tydeleg vert sett til side
- C. tydelege konflikhtar med rasfare, flaum og andre beredskaps- og tryggleiksomsyn

## **6.2 Interne krav til handsaming av klager**

- Vi skal halde klagefristen med sopass god margin at vi rekk intern vurdering på tvers og med avdelingsleiinga.
- Klagepunkta skal vere konkrete og viktige for dei interessene vi skal ta vare på.
- Vi må gjennom klagebrevet vise at det er tale om vesentlege regionale eller nasjonale interesser.
- Det å klage på eit kommunalt politisk vedtak er ikkje kurant, og skal derfor godkjennast av kommunaldirektør internt hos oss, og bør også avklarast med vedkomande faglege avdelingsdirektør.
- Dersom det kjem inn nye viktige moment, skal vi vurdere konkret om vi kan trekke klagen etter kommunen si handsaming, altså før saka eventuelt går til KDD og vidare til setjestaforvaltar for endeleg avgjerd.

## **6.3 Siling av saker på høyring og til klagevurdering?**

Vi har vurdert ei løysing der vi stegvis siler dispensasjonssakene: i første omgang dei sakene vi vil ha på høyring, og i neste omgang dei vedtaka vi eventuelt vil ha tilbake til klagevurdering.

Tanken var at vi då kan sile ut dei mest aktuelle klagesakene, frå over 2000 saker på høyring og ned til kanskje kring 200 der vi har ei reell vurdering om vi skal klage eller ikkje.

Men skal dette fungere må vi lage eit sett med kriterium for denne type siling, noko som uansett vil føre til grensetilfelle, og av tidlegare erfaringar (frå før samanslåinga av embeta i 2019) vil eit slikt opplegg føre til store forskjellar i praksis mellom kommunane. For både kommunane og vår del er det ein fordel med heilt klare sakshandsamingsreglar.

Vi har derfor kome til at det er betre å legge om heile høyringspraksisen til å bli meir i samsvar med det dei har innført i Agder, sjå neste kapittel.

## **6.4 Hovudregel at sakene ikkje må på høyring – men vi får ja-vedtak til klagevurdering?**

Dette liknar på det dei har gjort i Agder. Etter ein prøveperiode i starten med ingen saker på høyring, vart dette justert til at dei no ber om å få nokre få sakstyper (spesielt i strandsona) på høyring. Men så får dei altså alle ja-vedtaka til klagevurdering.

Vi ser følgjande fordelar med å prøve ei omlegging i denne retning:



- Vi legg merke til at våre kollegaer i Agder er godt nøgde med deira omlegging.
- Enkelt å forstå - det gir ingen tvil/grensetilfelle på kva som skal på høyring.
- Klagevurdering etter eventuelt positivt vedtak i kommunen – er ein god sikkerheitsventil.
- Det tek mindre tid å gå gjennom klagesakene og eventuelt klage på nokre av dei, enn det tek å sette seg inn i alle høyringssakene og skrive fråsegn og så deretter få sakene til klagevurdering. Såleis kan vi få frigjort ressursar til å bidra til overordna planlegging og andre planar i kommunane.
- Det vert mindre risiko for at svært uheldige saker går under radaren.

Vi ser følgjande ulemper med å ikkje få sakene på høyring:

- Færre saker der vi får gje faglege råd til kommunane.
- Det faglege grunnlaget i dei kommunale vedtaka kan bli svakare – dette gjeld spesielt for små kommunar med dårleg kompetanse.
- Enkelte kommunar kan oppfatte det som at denne omlegginga i seg sjølv er eit signal om liberalisering av dispensasjonsordninga.
- Den nye ordninga skil seg ut frå praksisen som dei fleste andre embeta har i høyringsfasen.
- Det kan bli hektisk for oss å halde klagefristen på tre veker.

## 6.5 Forslag til handsaming av dispensasjonssaker

Arbeidsgruppa rår til eit nytt opplegg for handtering av dispensasjonssaker for Statsforvaltaren i Vestland som fagstyresmakt i 2024. Vi skal evaluere erfaringane neste haust og med eventuelle justeringar frå 2025.

Hovudregel blir at det er kommunen som sjølv bestemmer om dei vil be om høyringsfråsegn på konkrete tema frå oss. Vi ber altså ikkje om å få nokon bestemte sakstypar på høyring, mellom anna fordi svaret på desse oftast vil vere opplagde og fordi vi vil gjere forenklinga tydeleg. Vi må også frigjere tid til meir generell rådgjeving innan plan- og dispensasjonsområdet; dette gjeld spesielt innan faginteressene våre i kommunale planar. Vi skal likevel vere opne for å kunne svare på saker der kommunane særskilt ønskjer faglege innspel, og vi skal auke den generelle rådgjevinga til kommunane – både på nettsider, i nettmøte og i direkte kontakt.

- Statsforvaltaren legg til grunn at kommunane som ansvarleg planstyresmakt tek ansvar for grundig og korrekt handsaming av dispensasjonar.
- Statsforvaltaren i Vestland ønskjer som hovudregel ikkje å få tilsendt dispensasjonssaker på høyring.
- Dersom kommunen er usikre på regelverket eller fagkunnskapen om området, kan dei uansett sende enkeltsaker på høyring til oss. Dei kan også ta direkte kontakt med fagpersonar hos oss og be om råd.
- Av omsyn til klagevurdering ber vi om å få tilsendt alle vedtak der kommunen gir dispensasjon, samtidig som vedtaket vert sendt til søkjar.
  - Reint tekniske dispensasjonar i byggeområda og som ikkje vedkjem oss som sektorstyresmakt, treng vi ikkje få til klagevurdering (til dømes takvinklar, materialbruk, leidningsnett ..)

Det er viktig å understreke følgjande: Sjølv om vi ikkje har fått ein dispensasjonssøknad på høyring, eller ikkje gjeve høyringsfråsegn, kan vi likevel måtte klage på eit positivt kommunalt vedtak dersom det kjem i konflikt med nasjonale eller vesentlege regionale omsyn.

## 7. Opplæringstiltak

Arbeidsgruppa vil understreke at det er viktig at vi med denne omlegginga av dispensasjonssakene får frigjort tid til både generell og individuell opplæring av kommunane. På bakgrunn av tidlegare praksis for dispensasjonar, ser vi at nokre kommunar har svært

mange dispensasjonssaker. Her kan det til dels også handle om manglande respekt for plansystemet.

Andre opplærings- og informasjonstiltak:

- Brev til kommunane om endra praksis frå 2024.
- Informasjon på nettsida vår - hovudsakleg med bruk av lenkjer til [www.planlegging.no](http://www.planlegging.no) om saksgang og krav til dispensasjonar.
- Nettmøte tidleg i 2024 for plansjefane (og andre relevante i plan- og byggjesaksadministrasjonane) i kommunane.
- Deltaking med rettleiing i politiske utval i kommunar som inviterer til det.
- Informasjon frå embetsleiing og avdelingsleiing på andre viktige møtepunkt med kommunane, m.a. Kkommunane møter staten (29.-30.nov. 2023) og regionale fagdagar for nye folkevalde (februar og mars 2024).

## 8. Evaluering

Denne omlegginga i 2024 skal evaluerast, og detaljane om det kjem vi tilbake til hausten 2024. Men med tanke på grunnlaget for ei slik evaluering må planseksjonen framleis føre statistikk som tidlegare med:

- tal saker vi får på høyring (som kommunane sender til oss på eige initiativ)
- tal saker vi får til klagevurdering (som tidlegare)
- tal saker vi klager på, med opplysning om klagegrunnlag (som tidlegare, dvs om det gjeld strandsone, landbruk, biologisk mangfald, beredskap mv., i tråd med oppdraget frå KDD.)

Nils Erling Yndesdal  
(leiar)

Kjell Kvingedal  
(medlem)


Anne Kristin Eitungjerde  
(medlem)

Christian Rekkedal  
(medlem og sekretær)

Egil Hauge  
(medlem)

## 9. Vedlegg

Kartet viser dispensasjonssaker vi fekk på høyring (grøne) og saker vi klaga på (raude), i 2022. (Kart: Daniel Almhjell)



Esri, HERE, Garmin, USGS